

Levanger, 29. september 2009.

**Ordfører Robert Svarva,
Levanger kommunestyre.**

Interpellasjon til kommunestyrets møte 14. oktober 2009.

Postdirektivet og kommunane.

Bakgrunn:

EU har vedtatt Postdirektiv nr. 3. Frå før har vi postdirektiv nr. 1 og 2, som alt er innført i norsk lovgivning. Direktiva innførte konkurranseutsetting av frakt og levering av pakkar og brevpost over 50 gram. Direktiv nr. 3 betyr at også brevpost under 50 gram skal konkurranseutsettast.

I dag har vi same porto over heile landet for brevpost under 50 gram. Det kostar sjølvstekt mykje meir å frakte eit brev frå Levanger til Oslo og omvendt enn å frakte eit brev innan Oslo by. Når vi i Norge har same porto over heile landet, er det ut frå ein grunnleggjande politisk tanke om at det på ein del område skal vere like vilkår for innbyggjarane i landet vårt, uavhengig av kvar i landet dei bur. Innbyggjarane i Oslo betaler noko meir i porto enn det faktisk kostar å frakte brevet, dermed kan Posten finansiere frakt til mindre sentrale strøk til same porto.

EU godtar ikkje at dette er ei ordning som er til beste for alle som bruker Posten. Etter deira oppfatning er dette subsidiering, og det er ulovleg i EU-systemet. EU's løysing, som kan bli bindande for Norge gjennom EØS-avtalen, er å konkurranseutsette posttenestene. Dermed fjernar dei heile inntektsgrunnlaget for Posten. I dag er Posten eit sjølfinsiert monopol, som ikkje kostar staten noko.

Konkurranseutsetting av posttenester vil utan tvil føre til dyrare og dårlegare tilbod, spesielt i Distrikts-Norge. Det er ikkje bedriftsøkonomisk lønnsamt å drive med postfrakt på dagens nivå i område med få menneske og lange avstandar. Andre aktørar vil kunne kome inn og gjere god forretning på dei lønnsame postleveransane i heilt sentrale strøk, medan Posten blir sitjande igjen med dei ulønnsame tenestene i Distrikts-Norge. Med ei slik ordning vil ikkje Posten kunne holde oppe postleveransane der det ikkje er økonomisk lønnsamt.

Geografi og busetnadsmønster er svært annleis i vårt land enn i EU-landa, og den politiske kampen for samfunnsmessig infrastruktur med mest mulig like vilkår har prega vårt samfunn i mange tiår. EU's tredje postdirektiv er eit klart angrep mot denne strukturen. Svaret frå sentrale myndigheiter har så langt ikkje vore særleg klargjerande. Det blir sagt at dei posttenestene som i dag er ulønnsame, dvs så å seie alt utanom Oslo-regionen, skal finansierast av staten, medan resten skal konkurranseutsettast.

Det reiser minst to problem: Dette kostar, og det skal betalast over statsbudsjettet. Så langt er det nemnt kostnader til opp mot ein milliard kroner i året. Dette skal vi betale over

skattesseddelen for at nokre få selskap skal kunne hente ut stor profitt på å ta seg av postleveranse i bynære strøk. For det andre vil finansiering av Posten da bli ein del av den årlege budsjettkampen i Stortinget, der det må vegast mot mange andre gode formål og vil vere avhengig av den politiske situasjon til kvar tid.


Det er mulig å beholde den gode ordninga vi har. Den enkle løysinga er da reservasjon mot postdirektiv nr 3.

Postdirektiver vil ha ulike følgjer for ulike kommunar i landet vårt. Det er enno ikkje fullt avklart korleis følgjene vil bli. I denne situasjonen vil det vere tenleg med ei undersøking og vurdering av følgjene slik at kommunens representantar kan ha eit godt grunnlag for å ta eit standpunkt til spørsmålet om vi ønsker å oppfordre regjeringa til å bruke reservasjonsretten.

Dette er ikkje eit spørsmål om ja eller nei til EU. Det er spørsmål om holdning til eitt direktiv innanfor EØS-avtalen, og i denne avtalen er retten til reservasjon ei rettighet som er ein del av avtalen.

På denne bakgrunn fremmer eg følgjande interpellasjon:

Vil ordføraren ta initiativ til ei saksundersøking som kan gi formannskap/kommunestyre grunnlag for å behandle postdirektiv nr. 3 med sikte på ei uttalelse frå kommunen?


Asbjørn Folkvord